



Stad kommune

Rammeplan 2020-2024

Stad kulturskule



Innhold

<i>Kulturskulens samfunnsoppdrag</i>	2
Kven er vi? Kva er vi?	2
Ein aktiv aktør i lokalsamfunnet	3
Ein kulturskule for heile kommunen	4
Kulturskulens fag	4
Breiddeprogrammet:	5
Kjerneprogrammet	6
Fordjupingsprogrammet	6
<i>Prinsipp og retningsliner for verksemda i Stad kulturskule</i>	7
Kommunens ansvar som skuleeigar	7
Samarbeid om elevens læring	7
Kvalitet i Stad kulturskule	9

Kulturskulens samfunnsoppdrag

Kulturskulens samfunnsoppdrag er forankra i Opplæringslova sin paragraf § 13-6: *«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.» (1997)*

Den lokale læreplanen for kulturskolen byggjer på den nasjonale rammeplanen for kulturskolen: «Mangfald og fordjuping». Målet med ein lokal læreplan er tydeliggjering av kulturskolen som eit skuleslag.

Kulturskolen tar vare på eit mangfald av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne så vel som kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse. Dette er grunnleggjande for livsmestring og danning.

Kulturskolen skal vere kjenneteikna av høg kvalitet og rikt mangfald, og skal ta vare på både breidde og talent. Kulturskolen representerer ei vesentleg fordjuping utover det obligatoriske skuleverket. Opplæring i kulturskulefaga er individuelt tilpassa, langsiktig innretta og kan gi elevar ei livslang interesse, og for nokre også eit grunnlag for yrkesutdanning innan kunstfag.

Visjonen til Norsk kulturskuleråd er «Kulturskule for alle». Dette er ein sentral ambisjon i oppbygginga av kulturskulane.

Kven er vi? Kva er vi?

Stad kulturskule er organisert under sektoren «Kultur og samfunn» i Stad kommune. Det er 6,2 årsverk knytt til kulturskolen. 0,6 av desse er satt av til administrasjon. Kulturskolen har til saman 12 tilsette inklusiv rektor. Tal elevplassar per i dag er 230 (kjernetilbodet). Ca 100 elevar står på venteliste. Kulturskolen sel dirigenttenester til korps og kor. Kulturskolen gjev også tilbod gjennom den kulturelle spaserstokken, samt tilbod om musikk i barnehage. Dette resulterer i at mange fleire enn dei som er i kjernetilbodet drar nytte av kulturskulens tilbod.

Stad kulturskule gjer per i dag eit godt og breitt tilbod innanfor fleire kunstfag. Vi er opptekne av at elevane skal få undervisning av høg kvalitet, og vi har som mål å tilby eit mangfald av gode og likeverdige kulturskuletilbod til alle barne og unge i Stad kommune.

Stad kulturskolen har som mål å best mogleg leggje til rette for undervisninga til den enkelte. Vi ønskjer at elevane skal kjenne tryggleik, både i undervisningssituasjonen og på scena, og at dei skal oppleve nysgjerrighet, glede, mestring og engasjement for faget sitt.

Kulturskulens tilbod gjer dei som ønskjer det moglegheit til å fordjupe seg og bli gode på noko. Som kulturskule har vi òg ein unik moglegheit til å fange opp barn og unge som elles fell

utanfor. Dette gjeld òg våre nye landsmenn; gjennom kunst, dans og musikk kan ein kommunisere utan språk. Kunsten formar identitet og aukar forståinga for andre sine uttrykk.

Vårt elevsyn inneber at alle menneske har kreative evner som kan komme til uttrykk på ulike måtar, samt at dette er noko som er unikt for kvart enkelt menneske. Som kulturskule ønskjer vi å romme alt dette; vi ønskjer å vere med på å forme heile mennesket.

Som kollegium er lærarane i kulturskulen er opptekne av å samarbeide, støtte kvarandre og å dele idear. Kontinuerlig arbeid med pedagogiske problemstillingar synest vi er viktig for å oppretthalde kvaliteten. Vi ønskjer å ivareta det som fungerer godt, samtidig som vi ønskjer å være opne for endringar.

Stad kulturskule har ein god kvalitet som vi ønskjer å vidareføre: Vi er initiativtakarar. Vi får ting til å skje. Vi har kort veg frå ide til gjennomføring. Vi har eit kollegium som strekk seg langt.

Ein aktiv aktør i lokalsamfunnet

Stad Kulturskule ønskjer å vere, og er i dag, ein aktiv aktør i lokalsamfunnet. Kulturskulen er eit viktig fundament som det lokale kulturlivet byggjer på. Vi er synlege, og det viser lokalsamfunnet at kultur er viktig! Vi har årleg samarbeid med desse eksterne aktørane:

- Operahuset Nordfjord og Gymmen scene og studio: konsertar og utstillingar
- Grunnskulen: undervisning i skuletid, konsertar på skulane, musikalsamarbeid med EUS
- Kulturhuset Gamlebanken: elevkonsertar, framsyningar på kunstutstillingane
- Institusjonane i Stad kommune: Den kulturelle spaserstokken
- Barnehagar i Stad kommune: Musikk i barnehage
- Korps i Stad kommune; per i dag Nordfjordeid skulekorps, Kjølisdalen skulemusikk, Stårheim skulekorps og Eid musikklag: sal av dirigenttenester og aspirantundervisning (fleire korps i kommunen ønskjer dette).
- Eid barne- og ungdomskor: sal av dirigenttenester
- Stad kommune: framsyning på kommunestyremøta samt i andre kommunale samanhengar
- Næringslivet: til dømes konsert under Handelsdagane
- Kyrkja: samarbeid med organist om konsertar og gudstenester, ofte under høgtidene
- Humanetisk forbund: speleoppdrag med elevar og lærarar
- Malakoff rockefestival: elevar får delta under festivalen og under andre arrangement elles i året i regi av Malakoff
- Opera Nordfjord: elevar og lærarar deltek på framsyningar
- Stad frivilligsentral: speleoppdrag
- Biblioteket: utstillingar
- Sanitetskvinnene: speleoppdrag
- UKM: Ung kultur møtast: elevar deltek på arrangementet
- Vindfylla spelemannslag: aspirantopplæring på fiolin

Nye Stad kommune gjev moglegheit for nye og spennande samarbeidsaktørar.

Lærarane i Stad kulturskule er kvar og ein ressurspersonar på sine fagfelt. I tillegg til faget lærarane underviser i, sit dei på kompetanse innanfor drama, fotografi, førskulepedagogikk, musikkteknologi, musikkproduksjon, direksjon og regi. Lærarane er også aktive utøvarar på sine fagfelt/instrument og er med dette ein ressurs for lokalsamfunnet.

Kulturskulen har mange møte med publikum på ulike arenaer, og dette er med på å få kunstopplevingane ut til folket. Stad kulturskule er særst aktive og har mange framsyningar/speleoppdrag i løpet av eit år. Kulturskulens rolle i lokalsamfunnet er, saman med dei frivillige aktørane, med på å skape eit godt og støttande kulturmiljø på tvers av alder og kjønn.

Ein kulturskule for heile kommunen

For å sikre kulturskulens aktive rolle i lokalsamfunnet vidare er vi også avhengige av tilstrekkelege ressursar. Stad kulturskule ønskjer å oppretthalde og å vidareutvikle tilbodet. Ved å tilsette fleire lærarar i kulturskulen får vi moglegheit til å tilby like tenester til alle innbyggjarane i Stad kommune. Vi får også høve til å utvide kompetansen slik at fleire tenester kan bli tilbode.

Stad kulturskule har ein ambisjon om å vere synleg i heile kommunen. Vi ønskjer difor å halde fram med undervisning i skuletida. Dette er ein måte å nå ut til alle på. Kulturskulens tilbod vil da vere tilgjengeleg for alle, og ikkje vere avhengig av kor eleven bur. I nye Stad kommune er det spreidd befolkning og få kollektivtransport-tilbod. Det kan derfor vere positivt for både elevar og føresette at elevane får høve til å få undervisning i skuletida. Undervisning i skuletida vil også kunne leggje til rette for eit tettare samarbeid mellom skule og kulturskule. Eksempelvis kan aspirantundervisning i skuletida føre til rekruttering til skulekorpsa.

Stad kulturskule har som formål å gje opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønskjer det i Stad kommune. Stad kulturskule har, i forhold til resten av landet, ein høg eigenandel per elevplass. Stad kulturskule ønskjer på sikt å redusere desse prisane. Kulturskulens tilbod bør vere tilgjengeleg for alle.

Kulturskulens fag

Kulturskulen i Stad kan per i dag tilby desse faga:

- Dans (åtte grupper innanfor nybegynnaropplæring, moderne dans, samtidsdans, HipHop, jazz, lyrisk, musikalsk teater, klassisk ballett og step)
- Piano
- strykeinstrument (fiolin, bratsj, cello)

- gitar
- slagverk
- song
- messinginstrument
- treblåseinstrument
- visuell kunst (fire grupper: kreativ 1 og 2, teiknegruppe og fordjupingsgruppe)
- band
- strykeorkester
- aspirantopplæring
- musikk i barnehage
- den kulturelle spaserstokken
- fire korps kjøper dirigenttenester av kulturskulen
- to kor kjøper dirigenttenester av kulturskulen.

Undervisninga i kulturskulens fag er organisert innanfor tre opplæringsprogram med ulik profil og målsetjing: **Breiddeprogrammet, Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet.** Programma skal ta vare på behovet for tilpassa opplæring og er gradert i forhold til undervisningsmengde og krav til eigeninnsats.

Breiddeprogrammet:

Målet med breiddeprogrammet er at kulturskulens tilbod skal nå ut til mange slik at flest mogleg kan få glede av det. Samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet er mellom anna ein måte å nå dette målet på. Stad kulturskule er allereie ein aktiv aktør i lokalsamfunnet med mange ulike samarbeidspartnarar (sjå ovanfor).

Breiddeundervisninga skal bidra til å utvikle samarbeids- og kreative evner og omfattar fagtilbod som er godt eigna for grupper. Breiddeprogrammet kan også rekruttere til kulturskulens kjerneprogram.

Tilbod innanfor breiddeprogrammet i Stad kulturskule:

- Visuell kunst
- Den kulturelle spaserstokken
- Musikalsamarbeid med Eid ungdomsskule
- Dans
- Samarbeid med UKM
- Aspirantundervisning på fiolin i samarbeid med Vindfylla spelemannslag
- Aspirantundervisning i samarbeid med skulekorpsa (sal av teneste)
- Eid barne- og ungdomskor (sal av teneste)
- Musikk i barnehage

Kjerneprogrammet

Ein stor del av undervisninga i Stad kulturskule ligg i kjerneprogrammet. Programmet er basert på langsiktig arbeid, progresjon og systematisk øving. Dette er hovudsakleg instrumentalundervisning som føregår ein til ein og som er tilpassa den enkelte elev. Kvar undervisningstime varer i 20 min. Men også gruppeundervisning i dei gruppene som krev grunnleggjande dugleikar er ein del av kjerneprogrammet.

Tilbod innanfor kjerneprogrammet i Stad kulturskule:

- piano
- strykeinstrument (fiolin, bratsj, cello)
- gitar
- band
- slagverk
- song
- messingblås
- treblås
- visull kunst (gruppeundervisning)
- dans (gruppeundervisning)
- Strykegruppe 1 og 2 (gruppeundervisning)
- Korps (sal av teneste)

Fordjupingsprogrammet

Fordjupingsprogrammet er for elevar som har særleg interesse og føresetnad for å arbeide med eit fag. Programmet skal kunne kvalifisere for vidaregåande opplæring og høgare utdanning. Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte elev. Ein elev som får undervisning i fordjupingsprogrammet kan i neste omgang bli ein ressurs for kulturskulen. Stad kulturskule har ved mange høve nytta elevar til å representere kulturskulen i ulike samanhengar.

Slik som i kjerneprogrammet er også nokre av gruppetilboda ein del av fordjupingsprogrammet på grunn av det høge nivået i gruppene.

Tilbod innanfor fordjupingsprogrammet i Stad kulturskule:

- Utvida instrumentalundervisning. Denne undervisninga skjer ein til ein. Kvar undervisningstime varer i 40 min. Fordjupingstimen blir vurdert frå år til år. Tilbodet stiller krav til eigeninnsats. Lærar i samråd med rektor avgjer om tilbodet skal halde fram, og kva for elevar som kan få tilbodet.
- Kammerorkester
- Eldste ballettgruppe
- Vidarekomne rockebandgrupper

Prinsipp og retningsliner for verksemda i Stad kulturskule

Opplæringslova § 13-6 pålegg alle kommunar i Noreg å ha eit musikk og kulturskuletilbod anten aleine eller i samarbeid med andre kommunar.

Kommunens ansvar som skuleeigar

Det er kommunen som eig kulturskolen. I opplæringslova er kommunen pålagt å eige og å drive grunnskole, vaksenopplæring og kulturskole. Rammeplanen for kulturskolen er ingen statlig forskrift som kommunen er pålagt å implementere og følgje. Kommunen sjølv må gjere vedtak om dette.

Kommunen har som skuleeigar ansvaret for at kulturskulen sitt tilbod følgjer nasjonale føringar gjevne i rammeplanen. Kulturskulen skal inngå i kommunen sine plandokument og kan vere ein del av kommunen sitt strategiarbeid både innan utdanning, kultur og helse.

Skuleeigar har ansvar for at kulturskulen har kvalifiserte lærarar. I dette inngår å sikre kulturskulelærarane tilsvarende vidare- og etterutdanningstilbod som lærarane elles i skuleverket.

Kommunen har ansvar for at kulturskulen har lokale som er tilpassa den undervisninga som blir tilbode, og kulturskulen skal kunne disponere andre kommunale undervisningslokale vederlagsfritt.

Lærarane i Stad kulturskule underviser per i dag på alle grunnskulane i Stad kommune. Dei underviser også i Valhall (dans), i Gymmen (band) og i Eid ungdomsskule sine klasserom (visuell kunst). Ein stor del av undervisninga skjer i kulturskulens egne lokale på Eid.

Samarbeid om elevens læring

Ein viktig faktor for at eleven skal lukkast, er at både foreldre og lærarar er engasjerte og støttande og har forventningar til at eleven skal lære. Kontinuerleg kontakt mellom kulturskule og heim om utviklinga, trivselen, frammettet og øvingsinnsatsen er avgjerande for utviklinga og framgangen til eleven.

- **Kontakt med føresette.** Lærarane i kulturskulen har eit ansvar for å gje jamlege tilbakemeldingar til dei føresette. Konstruktive og positive tilbakemeldingar er viktig. Alle føresette i Stad kulturskule kan ta kontakt med læraren dersom dei ønskjer ein

lengre utviklingssamtale. Den enkelte lærar kan gjennomføre foreldremøter etter eigne vurderingar. Rektor skal støtte læraren til å gjennomføre eit slikt møte.

- **Speedadmin.** Speedadmin nyttast også som ein kommunikasjonsplattform. Speedadmin er eit webbasert og interaktivt administrasjonsprogram som nyttast i Stad kulturskule. Lærarane nyttar programmet t.d. til timeplanlegging, planlegging av undervisning, planlegging av konsertar, rombestilling og kommunikasjon med elevar og føresette.
- **Fråvær.** I Stad kulturskule vil dei føresette bli kontakta dersom eleven ikkje har møtt fram til undervisninga tre gongar på rad, eller har hatt mykje fråvær over ein periode. Dette gjeld også dersom eleven sjølv har gjeve beskjed om fråværet og eleven er under 18 år. Dersom ein undervisningstime blir avlyst av eleven eller dei føresette har eleven ikkje rett til å få timen igjen.
- **Avlysing av undervisning.** Stad kulturskule har høve til å avlyse undervisninga inntil tre gonger per semester dersom ein ikkje får vikar til undervisninga.
- **Undervisning i skuletida.** Dersom eleven får kulturskuletimen sin i løpet av skuledagen, er det dei føresette som har ansvar for å gje beskjed dersom elevn ikkje har høve til å møte til timen. Dersom eleven ikkje kan møte til timen grunna aktivitetar på skulen, har dei føresette rett til å få frådrag i elevbetalinga. Dette gjeld timar som overstig dei tre timane som kan falle bort per semester. Eventuelt må undervisningstimen til eleven endrast i samråd med dei føresette.
- **Framføringar.** Når ein elev skal være med på ei framføring vil eleven få ein skriftleg invitasjon til denne. Desse blir delt ut på timane. Det er viktig at læraren får beskjed med det same dersom eleven ikkje har høve til å delta på framføringa. På denne måten kan læraren planleggje framføringa og eventuelt inkludere andre elevar. Stad kulturskule har som mål at alle elevar skal få tilbod om å vere med på ei framsyning ein gong per semester.
- **Konsertkultur.** Stad kulturskule ønskjer å fremme ein positiv og støttande konsertkultur der alle i publikum lyttar og ser på elevane heilt til konserten er slutt.
- **Undervisningsmateriell.** Lærebøker og liknande som eleven nyttar til undervisninga skal takast med til kvar time. Lekser som eleven har fått skal være notert ned slik at føresette kan hjelpe eleven til heimeøving. Dei føresette vil da òg kunne sjå informasjon som er gjeve.
- **Heimeøving.** Heimeøving i musikkfaget er noko som må jobbast med kontinuerlig sidan øving er avgjerande for elevens utvikling. Øving vil òg føre til auka mestringsfølelse og musikkglede hjå eleven. Mange barn og unge opplever mange forventningar på ulike arenaer, noko lærarane i kulturskulen er bevisste på. Vi ønskjer likevel å formidle øvingsglede; små steg fører fram! Dette er eit tema som stadig må jobbast med saman med eleven og dei føresette.

- **Vilkår og informasjon.** Vilkår og informasjon om Stad kulturskule finn ein på Stad kommune sin heimeside.

Kvalitet i Stad kulturskule

Læraren sitt møte med eleven og eleven sitt møte med dei kunstnariske aktivitetane er det sentrale i kulturskulen. Lærarane i Stad kulturskule må ha eit bevisst forhold til dei mange rollene sine som profesjonsutøvar: Pedagog, utøvar, leiar av små og store grupper, organisator, prosjektleiar, koordinator, inspirator, kulturberar, vurderer og kollega.

Kvaliteten av kulturskulen vil avhenge av at lærarane har ein arbeidssituasjon der dei kan utvikle seg som utøvarar av faget sitt. Lærarane si rolle som aktive utøvarar skapar gode førebilete for elevane.

Stad kulturskulen er sjølv ansvarleg for å gjennomføre det kontinuerlege arbeidet med kvalitetssikring av dei tilboda som blir gjevne. Skuleleiar må leggje til rette for pedagogisk utviklingsarbeid for å vidareutvikle faga kulturskulen tilbyr.

Stad kulturskule har som mål å følgje dei retningslinjene som er gjevne i den nasjonale rammeplanen for kulturskulen når det gjeld kompetansekrav for tilsetting i kulturskulen.